

## Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	FA-T77	22/609

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
050/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

### Mobilmast på Stegebotsfjellet i Ytre Haugsdal

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Det vert løyvd inntil krone 2.000.000,- eks mva. til å etablere mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har i lengre tid vore i drøftingar med Telenor om å få bygd ei mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal. Formannskapet handsama i møte den 31.08.2020, saksnr. 075/2020, sak om prioritering knytt til betre mobildekning i Masfjorden kommune. Det vart då gjort følgjande samrøystes vedtak:

**«Masfjorden kommune prioriterer å få til utbetring av mobildekninga ved Nordkvingo og i området Rambjørsvika/ Ytre Haugsdalen i perioden 2021 – 2022. Evt. tiltak må innarbeidast i økonomiplanen før realisering/oppstart.»**

I denne saka gjekk det fram at: « Dei teoretiske dekningskarta viste at ei utbetring av mobilsignala i området ved Nordkvingo kan gje betre dekning til ca 70 bustader, 45 hytter og 30 næringsdrivande, og at ei utbetring i området Haugsdal/ Rambjørsvika kan gje betre dekning til ca. 85 hus og ca 100 hytter og 47 næringsdrivande. » På bakgrunn av dette tilrådde rådmannen vidare satsing på desse to stadane.

Den 26.10.2021 vart det inngått intensjonsavtale mellom Masfjorden kommune og Telenor Norge AS, der begge partar vart samde om å arbeide for betre mobildekning i område på Nordkvingo og i Ytre Haugsdal. I avtalen vert det avklart ei arbeidsdeling om at kommunen skal byggje hytte og mast, og føre fram straum til den planlagde masta i Ytre Haugsdal, og at Telenor seinere skal drifte anlegget med sitt tekniske utstyr når dette er på plass. Kommunen får og ansvaret for å få på plass naudsynte godkjenningar, inkludert grunneigaravtale.

Den 25.04.2022 signerte kommunen grunneigaravtale med eigar av området. Den sikrar kommunen rett til å byggja mast med hytte, samt leggja fram straum til planlagd hytte på Stegebotsfjellet.

Den 14.06.2022 vart det inngått leigeavtale mellom kommunen og Telenor Infra AS, som sikrar at

dette selskapet kan nytte ei framtidig mobilmast med hytte til etablering av kommunikasjonssystem og plass til å montere teknisk utstyr og inntil 7 antenner på masta.

Sjølve arbeidet må ut på anbod etter reglane om offentleg anskaffing. Det vil skje så snart det ligg føre eit politisk vedtak i saka.

### **Vurdering**

Masfjorden kommune har i mange år jobba med å styrke mobildekninga i kommunen, og dette prosjektet er viktig for å styrke mobildekninga i eit sentralt område i Masfjorden. Den endeleg kostnaden veit ein ikkje før prosjektet har vore ute til offentleg anskaffing, noko ein ser for seg bør skje i haust, slik at prosjektet kan starta opp tidleg i 2023. Dersom det viser seg at kostnaden vert høgare enn 2 millionar, vil saka verta lagt fram til ny politisk handsaming.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner dette er eit viktig prosjekt, og rår til at det vert løyvd inntil krone 2.000.000 eks, mva. til å etablere mobilmast med tilhøyrande infrastruktur på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.

### **Kommunestyret - 050/2022**

#### **KS - behandling:**

John Torsvik (H) spurte om han var ugild i denne saka sidan han er grunneigar der mobilmasta skal etablerast. Kommunestyret samla seg om at Torsvik var gild.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Det vert løyvd inntil krone 2.000.000,- eks mva. til å etablere mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.**